

Medverknadsrapport

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2026-2037

UTKAST per 21.5.2026, før høring

Eg saknar eit koselig lite Bakeri.



xx.xx.2026



Innhald

| | |
|---|---|
| 1 Bakgrunn og føringar for medverknad | 3 |
| 2 Gjennomført medverknad | 4 |
| 2.1 Medverknad i oppstartsfasen | 4 |
| 2.2 Medverknad etter fastsett planprogram og fram til høyring | 5 |
| 2.3 Medverknad i høyringsperioden | 7 |
| 3 Hovudtrekk i innspela frå medverknaden og korleis desse er fylgde opp i planen..... | 8 |
| 3.1 Barn og unge..... | 8 |
| 3.2 Grøn omstilling..... | 8 |
| 3.3 Inkludering og trivsel..... | 8 |
| 3.4 Samferdsel og infrastruktur | 8 |
| 3.5 Arbeidsplassar og næringsliv | 8 |
| 3.6 Kommuneøkonomi | 8 |
| 3.5 Organisasjonsutvikling..... | 8 |
| 4 Korleis innspela blei brukte i planen | 8 |
| 5 Evaluering av medverknadsprosessen..... | 8 |
| 5.1 Evaluering av målgruppene for medverknaden..... | 8 |
| 5.2 Evaluering av medverknadsmetodar | 8 |
| 5.3 Evaluering av tidsbruken for samla medverknad | 8 |
| 5.4 Læringspunkt..... | 9 |
| 6 Vedlegg: Rapportar for utvalde medverknadstiltak..... | 9 |



1 Bakgrunn og føringar for medverknad

Medverknad er ein viktig del av arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen for Vik kommune 2026–2037. Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 5-1 skal kommunen leggje til rette for medverknad i planlegginga, med særleg tilrettelegging for grupper som treng det, mellom anna barn og unge. I tillegg krev pbl. § 5-2 at planforslag som skal på høyring, blir sende til statlege, regionale og kommunale myndigheiter og andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar som blir rørt av forslaget, og at forslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn. Medverknadsopplegget i dette planarbeidet byggjer på pbl. §§ 5-1 og 5-2, innanfor dei overordna prinsippa om openheit, føreseielegheit og medverknad i pbl. § 1-1.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument og skal peike ut langsiktige mål og strategiar for utviklinga av lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Dette stiller særlege krav til brei og inkluderande medverknad, der ulike perspektiv, interesser og erfaringar blir henta inn tidleg i planprosessen. Medverknaden skal ikkje berre fungere som høyring av ferdige forslag, men som ein aktiv del av kunnskapsgrunnlaget for å identifisere utfordringar, moglegheiter og prioriteringar for lokalsamfunnet fram mot 2037.

Arbeidet med medverknad er i tillegg forankra i nasjonale føringar og forventningar til kommunal planlegging. Dette omfattar mellom anna *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*, som understrekar betydninga av lokaldemokrati, sosial berekraft og medverknad frå innbyggjarane. Vidare er FN sine berekraftsmål eit viktig overordna rammeverk, der mål om inkluderande samfunn, redusert ulikskap og sterke institusjonar peikar på behovet for brei involvering og medverknad i offentlege prosessar.

Planprogrammet for den nye samfunnsdelen til kommuneplanen har lagd opp til brei og tidleg medverknad, m. a. gjennom ei tydeleg organisering av planarbeidet og faste referansegrupper. Medverknadstiltak skulle rettast mot m. a. innbyggjarane, næringslivet, skulane og frivillige lag. Nye medverknadsmetodar som spørjeundersøking, arbeidsverkstad, «gjestebod», opent plankontor og temamøte skulle prøvast ut. Oppdatert informasjon om planarbeidet og -prosessen skulle til ein kvar tid vere enkelt tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Også sosiale media skulle brukast for å spreie informasjon om planarbeidet. Det var også planlagt å drøfte planutkastet i Regional planforum.

Desse føringane har vore lagt til grunn for utforming av medverknadsopplegget i planarbeidet.



2 Gjennomført medverknad

Tabellane nedanfor gjev ei samla oversikt over gjennomført medverknad i arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplanen (KPS) for Vik kommune. Oversikta viser kven som har vore involverte, kva medverknadsformer som er nytta, og i kva fasar av planprosessen medverknaden har funne stad. Formålet er å dokumentere breidda i medverknadsopplegget og sikre etterprøvbarheit av planprosessen.

2.1 Medverknad i oppstartsfasen

Oversikta er delt i tre tabellar. Den fyrste viser gjennomført medverknad i oppstartsfasen, inkludert prosessen for planprogrammet («Planen for planen»). Her har det m. a. vore fokus på formidling av kunnskap, spesielt kva samfunnsdelen til kommuneplanen er for noko og funksjonen som overordna styringsverktøy. I tillegg var målet å få innspel til kunnskapsgrunnlaget som planen skulle bygge på, og kva hovudtema planrevisjonen skulle ta føre seg. Spørjeundersøkinga retta mot innbyggjarane, og spesielt skuleelevar, har vore sentralt her, for å høyre «kvar skoen trykkjer». Også arbeidsverkstadane med kommunestyret og råda har vore viktige for å oppnå ei felles forståing av utfordringsbiletet.

| Gruppe | Metode | Tid | Tema |
|---|--|------------------------------|--|
| Kommunestyret Ungdomsrådet Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne | Arbeidsverkstad | 02.05.24 | Kunnskapsgrunnlaget SWOT ¹ -analyse |
| | | 13.02.25 | Klima og klimamål |
| Leiargruppa | Arbeidsverkstad | 21.05.24 | Kunnskapsgrunnlaget SWOT-analyse |
| | Sak på leiargruppemøtet | 20.08.24 | Ombygging av planverket Hovudtema KPS-revisjon |
| Innbyggjarane | Info nettside « Ordførarvideo » | August – desember 2024 | Info og status planprosess Kva er samfunnsdelen? Medverknadsprosess |
| | Spørjeundersøking (i hovudsak digital) | Januar 2025 | Kunnskapsgrunnlaget Kva er bra, ikkje bra i Vik? Føretrekt medverknadsform? |
| Skuleelevar 1.-10. klasse | Spørjeundersøking (digital, tilpassing for 1.-7. klasse) | Januar 2025 | Kunnskapsgrunnlaget Kva er bra, ikkje bra i Vik? Føretrekt medverknadsform? |

¹ SWOT analysen er eit strategisk planleggingsverktøy for å vurdere styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar (Strengths, Weaknesses, Opportunities, Threats).



| Gruppe | Metode | Tid | Tema |
|--------------------------------|---|----------|---------------------------------------|
| Styringsgruppa (formannskapet) | Styringsgruppemøte | 12.09.24 | Planprosessen |
| | | 24.20.24 | Konkrete tema i KPS |
| | | 29.01.25 | Resultat innbyggjar-spørjeundersøking |
| Næringslivet | Innlegg på frukostmøte til Vik næringsksamskipnad | 10.10.24 | Kunnskapsgrunlaget SWOT-analyse |

2.2 Medverknad etter fastsett planprogram og fram til høyring

Medverknaden etter fastsett planprogram har i hovudsak vore retta mot utgreiing av prioriterte tema og utvikling av satsingsområde, mål og strategiar, og forankring av desse i styringsgruppa og i ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

| Gruppe | Metode | Tid | Tema |
|---|--|------------|---|
| Kommunestyret Ungdomsrådet Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne | Arbeidsverkstad | 15.05.25 | Overordna arealstrategi |
| | | 12.06.25 | Målkonflikt og prioritering |
| Kommunestyret | Arbeidsverkstad på politikardag om KPS | 19.03.2026 | Visjon, mål og strategiar i planframlegget Strategisk planoversikt 2026-2029 |
| Styringsgruppa (formannskapet) | Styringsgruppemøte | 27.02.25 | Resultat innbyggjar-spørjeundersøking, resultat arbeidsverkstad klima, tema i KPS |
| | | 24.4.25 | Statusoppdatering Samferdsel Bustadpolitikk Næringsstrategiar |
| | | 05.06.25 | Statusoppdatering Forslag visjon, satsingsområde, hovudmål |
| | | 04.09.25 | Statusoppdatering Fyrste resultat frå tiltaksanalyse klima |



| Gruppe | Metode | Tid | Tema |
|--|------------------------------------|----------------------|---|
| Kommunestyret | Politikardag om ny samfunnsdel | 19.03.26 | Planframlegget og strategisk planoversikt 2026-2029 |
| Styringsgruppa (formannskapet) | Styringsgruppe-møte | 23.10.25 13.11.25 | Statusoppdatering. Gjennomgang delmål og strategiar, arealstrategi |
| Ungdomsrådet | Orienteringssak på ungdomsrådsmøte | 28.02.25 | Resultat spørjeundersøking med fokus på svar frå ungdom, resultat arbeidsverkstad klima |
| | | 28.05.25 | Forslag visjon, satsingsområde, hovudmål, Forslag berekraftsmål |
| | | 17.11.25 | Utkast delmål og strategiar, arealstrategi |
| Eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne | Orienteringssak på rådsmøte | 01.04.25 | Om KPS og korleis gje innspel |
| | | 22.09.25 | Forslag visjon, satsingsområde, hovudmål Forslag berekraftsmål |
| | | 24.11.25 | Framdriftsplan, fyrste funn frå tiltaksanalysen |
| | | 26.01.25 | Utkast delmål og strategiar, arealstrategi |
| Leiargruppa | Innspel til leiargruppemøte | 24.04.25 | Plan for medverknad Framdriftsplan Resultat spørjeundersøking |
| | Innspel til leiargruppemøte | 26.05.25 | Forslag visjon, satsingsområde, hovudmål, Forslag berekraftsmål |
| | Møte med kommunedirektør | 03.10.25 97.10.25 | Delmål, strategiar og moglege tiltak for hovudmåla, arealstrategi |
| | Møte med kommunedirektør | 25.04.25 | Økonomi i KPS (satsingsområde og mål) |
| | Oppdrag | 11.06.25 | Forslag om hovudmål og ev. strategiar knytt til kommuneøkonomi |
| | Oppdrag | Sept. 2025 | Forslag om hovudmål og ev. strategiar knytt til organisasjonsutvikling |



| Gruppe | Metode | Tid | Tema |
|------------------------------|--|------------------|---|
| Avdeling plan og forvaltning | 2 møte og høve for e-postinnspel | Mai - juli 2025 | Arealstrategi |
| | Oppmoding om innspel | Oktober 2025 | Delmål, strategiar og moglege tiltak for hovudmåla, arealstrategi |
| Leiar NAV Vik | Møte | 26.05.25 | NAV sine mål og oppgåver og KPS |
| Innbyggjarane | Personleg klimafotavtrykk, spørjeundersøking for å dele resultat | Mai 2025 | Klimafotavtrykk |
| Lag- og organisasjonar | Gjestebed ² | Mai og juni 2025 | Korleis styrke frivilligheita og inkludere fleire? |
| Pensjonistlaget | Innlegg på møte i pensjonistlaget, etter invitasjon frå laget | 26.02.25 | Kva treng dei eldre? Viktige tema for eldre Korleis vil dei helst medverke? |

2.3 Medverknad i høyringsperioden

Medverknaden i høyringsperioden har vore knytt til formell høyring av planforslaget og mottak av skriftlege merknader, men også til medverknadsarrangement om enkelte satsingsområde og tema i planen. Eit viktig grep var å finne alternative medverknadsmetodar til folkemøte, som hittil har vore det tradisjonelle, men i dei siste åra med minkande deltaking.

| Gruppe | Metode | Tid | Tema |
|--------|--------|-----|------|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Tabellane over gjev ei samla oversikt over hovudtrekka i medverknadsopplegget. Detaljert dokumentasjon av utvalde, enkelte medverknadsaktivitetane ligg vedlagt i kap. 6.

² <https://distriktssenteret.no/digitale-verktoy/gjestebed/>



3 Hovudtrekk i innspela frå medverknaden og korleis desse er fylgde opp i planen

Dette kapitlet prøver å summere opp innspela som kom inn gjennom dei ulike medverknadstiltak med innbyggjarane, næringslivet og politikarar, inkludert dei politiske råda, delt opp etter satsingsområde i planen. Det skal også vise korleis planen fylgjer opp innspela. Fokuset her er på det som gjekk att i innspela. Dei einskilde, konkrete innspel er å finne i vedlegga til denne rapporten.

3.1 Barn og unge

3.2 Grøn omstilling

3.3 Inkludering og trivsel

3.4 Samferdsel og infrastruktur

3.5 Arbeidsplassar og næringsliv

3.6 Kommuneøkonomi

3.5 Organisasjonsutvikling

4 Korleis innspela blei brukte i planen

5 Evaluering av medverknadsprosessen

Dette skal vere ein overordna evaluering, ikkje analyse av innspel.

5.1 Evaluering av målgruppene for medverknaden

5.2 Evaluering av medverknadsmetodar

5.3 Evaluering av tidsbruken for samla medverknad



5.4 Læringspunkt

6 Vedlegg: Rapportar for utvalde medverknadstiltak

- Resultat frå politisk arbeidsverkstad om kunnskapsgrunnlaget og utfordringsbiletet 2.5.2024
- SWOT-analyse frukostmøte Vik næringsssamskipnad 10.10.2024
- Ordskyer laga av svara på spørsmål 3-6 i spørjeundersøkinga for innbyggjarane januar 2025
- Resultat frå politisk arbeidsverkstade om klima og klimamål 13.2.2025
- Resultat frå politisk arbeidsverkstade om overordna arealstrategi 15.5.2025
- Resultat frå «gjestebodet» mai/juni 2025 med frivillige lag og organisasjonar: Korleis styrke frivilligheita og inkludere fleire?
- Resultat frå arbeidsverkstad med kommunestyret, ungdomsrådet og eldrerådet 12.6.2025 om målkonflikt og prioritering
- Resultat frå arbeidsverkstaden med kommunestyret på politikardagen 19.03.2026 om kommuneplanen sin samfunnsdel strategisk planoversikt (temaplanar)



Resultat frå arbeidsverkstaden med kommunestyret, representantar frå eldrerådet og ungdomsrådet

Kunnskapsgrunnlaget for planstrategi 2024-2027 og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

2.5.2024 kl 9-10:30 på Blix hotell



1 Program for arbeidsverkstaden

9:00 Velkommen og presentasjon av kunnskapsgrunnlaget (utkast)

9:45 Arbeidsverkstad

Oppgåve 1: Drøfting av utfordringsbiletet (ca. 15 min)

- **3 min** kvar for seg: Har eg høyr/sett noko som eg er overraska over? Er det eit tema eg vil høyre meir om? Manglar det tema? Skriv på 3 lappar
- Del med kvarandre i **10 min** (sett lappar på det store arket), bli einige om ein ting
- **2 min**: Dele i plenum: Ein ting dei blei overraska over?

Oppgåve 2: Styrkar og svakheiter – moglegheiter og truslar (ca. 30 min)

- **3 min** kvar for seg: På grunnlag av det som blei presentert, kva synest du er kommunen sine styrkar og svakheiter? Og kva kan vere moglegheitene og truslane? Noter på lappar
- Del med kvarandre og set på lapp det de er einige om i SWOT-skjemaet (med hjelpespørsmål jf. distriktssenteret) på stor ark (**15 min**), bli einige om 1 ting per SWOT-rute
- **10 min**: Gruppene delar i plenum ein ting per SWOT-rute

En SWOT-analyse kan bidra til å styrke kommunen si innsikt i og forståing for eigen situasjon ved å avdekke sterke og svake sider, moglegheiter og truslar knytt til eit arbeid eller ein prosess. SWOT står for styrkar (**S**trengths), svakheiter (**W**eaknesses), moglegheiter (**O**pportunities) og truslar (**T**hreats)

10:30 Avslutning

2 Drøfting av utfordringsbilete (oppgåve 1)

Når fleire grupper nemnde tema er dette markert med tal grupper som nemnde temaet i parentes. Avslutningsvis blei gruppene bede om å plukke ut eit svar på fyrste spørsmålet (Kva blei vi overraska over?) og presentere i plenum. Desse punkta er markerte med feit skrift.

Kva blei vi overraska over?

- Meir mobbing på skulen i Vik i forhold til landsgjennomsnittet (3)
- Mangelen på bustadar til tilflyttarar/innvandrarar versus auka tal heilårsbustadar brukte som fritidsbustadar
- Fokus på utfordringar med inntekt og mangel på arbeidskraft med folketalsutvikling, og ikkje fokus på tenesteytinga
- Tal personbilar i kommunen
- Statistikkane for kulturskulen
- Statistikkane for vidaregåande skule
- Den låge arbeidsløysa
- Utdanningssamansetjing blant innbyggjarane i kommunen
- **Ungdomen gjev uttrykk for at dei ikkje har nok møteplassar**
- **Tal våningshus brukt til fritidsbustadar (2) (2)**
- Klimafotavtrykk, at vi må ned frå årleg 13 tonn til 3 tonn per innbyggjarar
- Vassmiljøet er ikkje godt nok
- At dei som bur åleine i bustadar er ei stor gruppe
- At talet personbilar aukar mens folketalet går ned
- **At talet barn og unge som er med i lag og organisasjonar går ned**
- At ikkje meir landbruksareal blir brukt til frukt og bær
- At så stor del av dyrkbar jord er myr
- At talet heilårsbustadar som blir brukt til fritidsbustadar har auka sterkt
- At vi har for dårleg vassmiljø i elvar som ikkje er utbygde til vasskraft
- Positiv i høve høg gjennomføring av vidaregåande skule (trass i at ungdomane må flytte på hybel)
- At vi framleis har stor CO₂-utslepp per innbyggjar

Kva vil vi høyre meir om?

- Oppvekst og møteplassar med tanke på ynskje om at ungdom skal flytte heim til Vik
- Samferdsel og kommunikasjon
- Betre lokale for musikk og andre kulturaktivitetar
- Om det er ein god plan for betre møteplassar for unge
- Statistikk om ungdom
- Kva yrke har dei som pendlar ut og inn av kommunen? Kva arbeider dei med?
- Kompetansen hjå innbyggjarane
- Korleis få meir helsepersonell?
- Trivselstiltak for dei einsame (2)
- Positive tal!
- Økologisk tilstand/potensiale i vassdrag kontra kraftutbygging
- Naturfare, med tanke på klima
- Moglegheiter for ny grøn industri
- Kva må til for å behalde ungdomen i Vik?
- Utvikling av landbruket i kommunen
- Førebyggjande tiltak i høve flaum/kommuneplanen sin arealdel
- Litt lengre trendar bakover i tid om dei presenterte felt 30 år tilbake
- Næringsutvikling
- Kva vi gjer for å inkludere innvandrarakar i arbeidslivet

Manglar det tema i kunnskapsgrunnlaget? Kva?

- Einsemd og nye møteplassar
- Trivsel for gruppene over skulealder/trivselsundersøking i kommunen
- Rekruttering til helsesektoren. Kanskje den største utfordringa? Korleis skal vi få nok personar til å ta seg av dei eldre?
- Kompetansen til innbyggjarane, og kva kompetanse treng vi i framtida?
- Tiltak for å skape meir aktivitet for dei eldre
- Samarbeidsbehov og samarbeidsmoglegheiter i regionen
- Truslar utanfor kommunen (regionalt og nasjonalt) samt trendar og føringar
- Sentrumsplan
- Naturressursar

3 Styrkar og svakheiter – moglegheiter og truslar (Oppgåve 2)

Spørsmåla som blei stilte var: *På grunnlag av det som blei presentert, kva synest du er kommunen sine styrkar og svakheiter? Og kva kan vere moglegheitene og truslane?* (SWOT-analyse).



Når fleire grupper nemnde same styrke, svakheit, moglegheit eller trussel er dette markert med tal grupper som nemnde dette i parentes. Avslutningsvis blei gruppene bede om å plukke ut eit punkt per kategori og presentere i plenum. Desse punkta er markerte med feit skrift.

Samla resultat SWOT-analyse:

| VIK KOMMUNE | |
|--|---|
| Styrkar | Svakheiter |
| Variert og aktivt næringsliv (3) Samarbeid Variert natur (3) Friluftslivsmoglegheitene (2) Allsidig næringsliv Trygge/gode oppvekstvilkår (3) Kraftinntekter Mykje fornybar kraft (2) Moglegheiter for fritidsaktivitetar Mange møteplassar for unge og vaksne som driv med idrett og musikk Bøndene Trygd samfunn/lokalmiljø (3) VHO-prosjektet, nytt helse- og omsorgssenter Godt idrettsmiljø Effektivitet i «liten» organisasjon/samfunn 5-minutt-samfunnet Sterk dugnadsånd skapar fellesskap | Folketalsnedgang/-utvikling (3) Dårlege kommunikasjonar (2) Samferdsel (3) Dårlege vegar (2) Ikkje nok møteplassar for ungdom (for dei som ikkje driv med idrett eller musikk) Lite variasjon i fritidsaktivitetar for ungdom Rasfare Dårleg tilbod offentleg transport For mange bedriftsleiarar bur utanfor kommunen Svak økonomi (2) Mangel på arbeidskraft (2) Utanforskap/mangel på breiddetilbod Attraktivitet Andel med høgskuleutdanning Dårleg inkludering av innvandrarar i arbeidslivet |
| Moglegheiter | Truslar |
| Kraftinntekter Nasjonal politikk Mykje kraft/kraftproduksjon (2) Flott natur/moglegheiter for friluftsliv (2) Bulyst- eller tilflyttingsprosjekt (2) Marknadsføring/omdømme (2) Vikafjelltunell Møteplassar Kommunikasjon/samferdsel Store ressursar som kan utnyttast næringsmessig (t.d. kraft, natur, verdsarv) Ny industri/grøn industri Rassikring Samferdsel EU-midlar til distriktsutvikling | Nasjonal politikk/ statlege føringar (2) Ungdomen reiser frå kommunen Folketalsnedgang (2) Auke i tal eldre, færre unge (3) Vegkommunikasjon (spesielt om vinteren) Alle vil til Sogndal Fråflytting (2) Mangel på arbeidskraft innan omsorg Dårlege oppvekstvilkår Veksande byar/regionsenter (attraktive som arbeidsplass) (2) Krig i Europa Vidaregåande elevar bur på hybel i Sogndal eller på Voss Fødselsunderskot Attraktivitet Mangel på samarbeidspartnarar i regionen Klimaendringar Rasfare, flaumfare |

Vedlegg: Presentasjonane viste på arbeidsverkstaden og foto av arbeidsarka til kvar gruppe

10.5.2024, KW/Plan og forvaltning



Illustrasjon: Arbeidsverkstad med kommunestyret i Vik

Frukostprat 10.10.2024 – Vik kommune sin samfunnsdel til kommuneplan

SWOT - Kva seier næringslivet om kommunen sine styrkar, svakheiter, truslar og moglegheiter? Punkta blei samla i plenum.

| STYRKE (kva er dei streke sidene?) | SVAKHEIT (Kva er dei svake sidene?) |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Mangfald • Samarbeid • Kulturlandskapet • 5-min-samfunnet • Kompetansesarbeidsplassar – liten arbeidsløyse • Variert og sterkt næringsliv • Friluftsliv lett tilgjengeleg • Livskvalitet • Næringsfondet -vik kommune sitt • Godt helsetilbod - • gode kommunale tilbod – gjennom heile livet | <ul style="list-style-type: none"> • Samferdsle –(fly frå Sogndal, stengde vegar, ferjefrekvens) • Folketalsnedgang – spesialbutikkar tilbod • Tilbod vidaregåande opplæring manglar i kommunen • Rekruttering av kompetent arbeidskraft |
| MOGLEGHEIT (kva er moglegheitene våre?) | TRUSLAR (Kva er truslane/utfordringan ?) |
| <ul style="list-style-type: none"> • Digitale løysingar i staden for fysiske reiser • Felles arbeidsmarknadsmiljø i Sogn – tilby jobb til par. Framsnakk Sogn • Ilandstigningsavgift (Cruise) - beredskapskai i Indrefjord/Arnafjord • Studie-HUB (bruk av FUS) • Direktebuss for elevar vidaregåande/studie i Sogndal • Behalda flyktningane – permanent busetjing er målet | <ul style="list-style-type: none"> • Negative haldningar - for lite framsnakk+ <p><i>Kommentar: Det blei dessverre ikkje tid nok til å samle fleire punkt i dette feltet.</i></p> |

Ordskyer laga av svara på spørsmål 3-6 i spørjeundersøkinga januar 2025

Produksjon av ordsky omfattar ein kategorisering av svara. Her går det tapt mange detaljar.

Ordsky spørsmål 3 : «Om du kan tenkje deg å bu i Vik kommune i framtida, korleis ville du då helst bu?»



Ordsky spørsmål 4 «Kva er bra i Vik kommune?»





Vik kommune



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap



VERDSARVKOMMUNE

Resultat frå arbeidsverkstaden med kommunestyret, ungdomsrådet og eldrerådet 13.2.2025 om klima og klimamål

Arbeidsverkstaden i regi av Vestland fylkeskommune (sjå tilhøyrande presentasjon) gjekk over 2 timar. Det blei jobba i blanda grupper. Kommunedirektøren og kommunalsjefane danna eige arbeidsgruppe.

Førebuing var:


Ta «testen» med «folkets fotavtrykk»

<https://openfootprint.ducky.eco/>

Gjennomsnittleg klimafotavtrykk til deltakarane i arbeidsverkstaden:

12,8 tonn CO₂-ekvivalentar



Oppgåve: Diskuter fordelar og ulemper (til 4 ulike klimamål for direkte klimagassutslepp)

Oppgåve: Diskuter fordelar og ulemper (til 4 ulike klimamål)

Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.

Alternativ 1

2030: 25 %
2035: 35%

Samla svar frå gruppene per valt mål

Fordelar:

- Nivå som er gjennomførbart
- Lettare å få aksept og få med seg folket
- Realistisk

Ulemper:

- Er ikkje nok (*utsleppsreduksjon*)
- Vanskeleg å nå (*det nasjonale*) målet (umuleg)
- Går seinare å nå (*det nasjonale*) klimamålet
- Slepp ut meir i tida fram til ein når (*det nasjonale*) målet
- Krev omlegging av vaner, her også, som i alle alternativ

Alternativ 2

2030: 25%
2035: 50%

Fordelar:

- Realistisk for 2030

Ulemper:

- Utilstrekkeleg for 2035
- Krev betydelege statlege grep

Oppgåve: Diskuter fordelar og ulemper (til 4 ulike klimamål)

Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.

Samla svar frå gruppene per valt mål

Alternativ 3

2030: 55%
2035: 80%

Fordelar:

- Følgjer det nasjonale målet
- Verknadane kjem tidlegare
- *(Meir)* kollektivtrafikk
- *(Fører til)* redusert forbruk/*(meir)* gjenbruk)

Ulemper:

- *(Fører til)* redusert reiseverksemd
- Strengare krav for cruisetrafikk, i lag med andre kommunar
- Skattlegging
- Urealistisk

Fordelar:

- Er nok *(utleppsreduksjon)*
- Får ned utslepp fort
- Større klimagevinst
- Då greier vi 95 % i 2050
- Verknaden kjem tidlegast

Ulemper:

- Totalt urealistisk
- Nivå ikkje gjennomførbart
- Ender dårlegare enn alternativ 1
- Krev betydelege statlege grep
- Betydelege endringar i folk sine liv
- Krev radikale endringar hjå folk, endre haldningar
- Fører til store endringar i samfunnet, t. d. sentralisering, bebygging
- Arbeidsplassar må omstillast

Alternativ 4

2030: 70%
2035: 90%

Oppgåve: Diskuter fordelar og ulemper (til 4 ulike klimamål for direkte klimagssutslepp) **for kommunen som organisasjon** (deltakargruppa frå administrasjonen)

Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.

Fordeler og ulemper

Kommunen går fram med eit dårleg eksempel

Alternativ 1

2030: 25 %
2035: 35%

Alternativ 2

2030: 25%
2035: 50%

Fordeler og ulemper

I tråd med nasjonale mål

Alternativ 3

2030: 55%
2035: 80%

Alternativ 4

2030: 70%
2035: 90%

Kommunen er forbilde for innbyggjarane


Lågare driftskostnad på sikt

Fordeler og ulemper

Kommunen går fram med eit dårleg eksempel

Fordeler og ulemper

Kostnadsnevnde Store investeringar Struktur?

Oppgave: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*

Oppgåve: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*

| | | | | | |
|------------|------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------------------|--|------------------------------|
| Hovudmål | | | | | |
| Delmål | Mål innan «anna mobil forbrenning» | Mål innan «Vegtrafikk» | Mål innan «Jordbruk» | Mål innan «Sjøfart» | Mål innan «Avfall og avlaup» |
| | Mål for kommunen som organisasjon | Mål energisparing og effektivisering | Mål energisparing og effektivisering | Mål for å redusere utslepp innan forbruk | |
| Prosessmål | | | | | |

Oppgåve: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*
Hovudmål
Delmål/prosessmål

Samla svar frå gruppene per valt mål

Alternativ 3

 2030: 55%
 2035: 80%

| Anna mobil forbrenning | Vegtrafikk | Jordbruk |
|---|--------------------------------|--------------------------------------|
| Redusere all unødig bruk av drivstoff | Redusere biltrafikk i sentrum | Sesongbasert mat på kommunestyremøte |
| | <i>(meir)</i> Samkøyring | <i>(fokus på)</i> lokalmat |
| | <i>(meir)</i> kollektivtrafikk | |
| Sjøfart | Avfall og avløp | Kommunen som organisasjon |
| Strengane krav til utslepp (regionråd?) | Utedo | |
| Påverke nasjonalt | | |
| Energisparing og -effektivisering | Forbruk | Andre idear |
| CWU utsleppshus? | Redusere forbruk på alle punkt | Gjere folk medviten |
| | | Redusere levestandarden |

Oppgave: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*
Hovudmål

Alternativ 1

2030: 25 %
2035: 35%

2035: 30 %

Delmål /prosessmål

Samla svar frå gruppene per valt mål

| | | |
|---|---------------------------|---------------------------|
| Anna mobil forbrenning | Vegtrafikk | Jordbruk |
| | Elektrifisering - bil | Biogassanlegg |
| | Bygge ut el-sykkelordning | |
| Sjøfart | Avfall og avløp | Kommunen som organisasjon |
| Landstraum | Kaste mindre | |
| Energisparing og -effektivisering | Forbruk | Andre idear |
| Byte ut gamle, lite effektive oppvarmingskjelder med nye, effektive og miljøvenlege | Folkeopplysing | |
| Økonomiske insentiv for etterisolering | | |

Oppgåve: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*
Hovudmål

Alternativ 3

2030: 55%

2035: 80%

2050: 50 %

 For
 transport
 2050: 75 %

Delmål /prosessmål
Samla svar frå gruppene per valt mål

| Anna mobil forbrenning | Vegtrafikk | Jordbruk |
|--|---|-------------------------------|
| Fleire, meir universelle og 0-utsleppsting | Fullstendig el-bil og transport - 75 % 2050 | Kunnskap om alt. Plantevern |
| | | Miljøvenleg graslagring |
| | | Miljøvenlege arb.metodar |
| | | Rett fokus (?) |
| Sjøfart | Avfall og avløp | Kommunen som organisasjon |
| (Vere) kritisk til skip | Forbruk må ned | El-bil |
| Politisk effektiv(?) | Sortering | Miljøfyrtårn (-sertifisering) |
| Tvinge næring til 0-utslepp | Avgiftsauke ev. begrense, kan føre til meir sjølvbrenning | |
| Energisparing og -effektivisering | Forbruk | Andre idear |
| | Avgift på ... | |

Oppgåve: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*

| Hovudmål | Delmål /prosessmål | Samla svar frå gruppene per valt mål | |
|-----------------------|--|--------------------------------------|--|
| Utan konkret hovudmål | Anna mobil forbrenning | Vegtrafikk | Jordbruk |
| | Elektrifisering av gards- og anleggsmaskiner | Vikafjelltunell | Oppmoding om å dyrke meir mat sjølv |
| | Sjøfart | Avfall og avløp | Kommunen som organisasjon |
| | Landstraum | Rein Sognefjord | Elektrisk bilpark |
| | | | Handle lokalt (<i>offentleg innkjøp</i>) |
| | Energisparing og -effektivisering | Forbruk | Andre idear |
| | Varmepumpe til oppvarming | | |
| | | | |

Oppgåve: Diskuter delmål og prosessmål for eit valt hovudmål *Kursiv tekst er administrasjonen si nærare forklaring av innspelet.*
**Hovudmål
for kommunen
som
organisasjon**

Alternativ 3

 2030: 55%
2035: 80%

**Delmål /prosessmål for kommunen som organisasjon
(deltakargruppa frå administrasjonen)**

| | | |
|---------------------------------------|---------------------|---------------------------|
| Anna mobil forbrenning | Vegtrafikk | Jordbruk |
| | Maks el-bil | |
| Sjøfart | Avfall og avløp | Kommunen som organisasjon |
| | | |
| | | |
| Energisparing og - effektivisering | Forbruk | Andre idear |
| | Mest mulig digitalt | |

Oppgave: Skriv eit postkort frå år 2050 til dykk sjølv i 2025

| | |
|--|---|
| <p>Til kommunestyret i Vik kommune i 2025</p> <p>Hjarteleg helsing frå 2050</p> |  <p><u>Vik kommune i 2025</u></p> <p><u>Fjordavegen 1</u></p> <p><u>6893 Vik i Sogn</u></p> |
|--|---|

Ca. 20 min

Til kommunestyret i Vik kommune i 2025

Her sit me og ser bort på Seim der traktorane og forhaustarane går heilt lydlaust.

Gjennom den nye Vikafjelltunellen susar all transport utan lyd og utslepp.

På Vikjabukti ligg det tre store cruiseskip utan at me ser noko røyk. Derimot betalar dei godt for straumen dei brukar.

Hjarteleg helsing frå 2050



Vik kommune i 2025

Fjordavegen 1

6893 Vik i Sogn

Til kommunestyret i Vik kommune i 2025

Vi er takknemeleg for at dei vala me tok i 2025-2030 har ført til

- 100 % El bilar
- 100 % El verktøy
- All straum vert produsert lokalt
- Grønn næring i kommunen, som fører til at me beheld all konsesjonskraft sjølv
- Inntektene er brukt til «grønne» innkjøp
- Kjøper berre kvalitetsutstyr med varighet 15 år
- Blomstereng
- Pris for årets berekraftskommune 2050
- Har og bidrege internasjonalt

Hjarteleg helsing frå 2050



Vik kommune i 2025

Fjordavegen 1

6893 Vik i Sogn

Til kommunestyret i Vik kommune i 2025

Takk for at de ikkje gav opp!

Hjarteleg helsing frå 2050



Vik kommune i 2025

Fjordavegen 1

6893 Vik i Sogn

Til kommunestyret i Vik kommune i 2025

Takk for gode strategiske val, de gjorde dykkar beste, men verda ville det annleis.

Sommartemperaturen i Vik er behageleg, og ingen ynsker lengre å reise til Syden. Det er dessutan forbode å fly som privatperson.

Hjarteleg helsing frå 2050



Vik kommune i 2025

Fjordavegen 1

6893 Vik i Sogn

Til kommunestyret i Vik kommune i 2025

Takk for arbeidet med å få til god sondering og for påverknad for å få ned forbruk ved å tilrettelegge for bruktbuittikkar og reparasjonsverkstad.

Takk for at de tvinga cruisenæring til 0-utslepp, som gjer at me får gode økonomiske vilkår og ei rein næring.

Hjarteleg helsing frå 2050



Vik kommune i 2025

Fjordavegen 1

6893 Vik i Sogn

Til kommunestyret i Vik kommune i 2025

Takk!

No har me 120 arbeidarar som jobbar på atomkraftverket i Vik.

Vikafjelltunellen fungerer heilt topp og har redusert utsleppet.

70 % av befolkningen dyrkar mat til eige bruk heime.

Rein Sognefjord!

Hjarteleg helsing frå 2050



Vik kommune i 2025

Fjordavegen 1

6893 Vik i Sogn

Resultat arbeidsverkstad i kommunestyret 15.5.2025

Tema: Overordna arealstrategi



Deltakere: Kommunestyret og representantar frå ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunen sin gjeldande arealstrategi frå kommuneplanen sin arealdel av 2024:

Vik kommune sin gjeldande arealstrategi

Generelt

- Kommuneplanen skal leggje til rette for busetting og næringsutvikling i bygdene, og god forvaltning av natur og kulturarv i heile kommunen
- Dyrka og dyrkbar jord skal så langt råd skjermast for utbygging. Areal registrert som *kjerneområde landbruk* bør generelt ikkje nyttast til utbyggingsformål
- Det skal leggjast vekt på god avgrensing mellom landbruksområde og byggeområde
- Det skal satsast på Vangsnes som framtidig utbyggingsområde for bustader og næring, m.a. for å avlasta press på sentrumsnære landbruksareal i Vik sentrum/Flatbygdi
- Ny utbygging skal så langt råd leggjast til område der ein kan gjera seg nytte av eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avlaup
- Det skal leggjast opp til fortetting og/eller gjenbruk av eksisterande utbygde område
- Arealplanar/planar for utbygging skal ha som eit viktig mål å redusere behov for transport
- Verdifulle areal for rekreasjon og friluftsliv, og naturområde med særlege kvalitetar, skal skjermast for utbygging/inngrep ut over enkel tilrettelegging for friluftsliv
- Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensa seg til område som alt er utbygde. Attverande attraktive areal og strekningar i strandsona bør sikrast som fellesgode
- Det kan opnast for spreidd utbygging som ivaretek omsynet til busetjing, og som ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser

Bustadområde

- Nye større byggeområde for bustader bør liggja i gang/sykkelaavstand frå skule/barnehage
- Det skal planleggjast for høg arealutnytting i og nær Vik sentrum
- Ny bustadbygging i sentrumsområdet skal i hovudsak vere konsentrerte småbustader

Hyttebygging

- Hyttebygging skal i hovudsak skje som fortetting/utbygging av eksisterande område, evt. i nye regulerte felt
- Ny hyttebygging i høgfjellet skal avgrensast til moderat fortetting av eksisterande utbygde område i Skjelingen og Fosse/Hestavollen, av omsyn til m.a. drikkevatt, villrein og friluftsliv

Næring og liknande

- Det skal vere eigna areal for næring og liknande i alle sokner
- Større område for næringsformål bør lokaliserast nær hovudveg og hamn

Oppgave 1:

Kva punkt i strategien synest de er spesielt bra/viktig?

1. Kva punkt i strategien synest de er spesielt bra/viktig?



Top 5:

- 1) Kommuneplanen skal leggje til rette for busetting og næringsutvikling i bygdene, og god forvaltning av natur og kulturarv i heile kommunen.
- 2) Dyrka og dyrkbar jord skal så langt råd skjermast for utbygging. Areal registrert som kjerneområde landbruk bør generelt ikkje nyttast til utbyggingsformål.
- 3) Det skal vere eigna areal for næring og liknande i alle sokner.
- 4) Ny utbygging skal så langt råd leggjast til område der ein kan gjera seg nytte av eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avlaup.
- 5) Det skal planleggjast for høg arealutnytting i og nær Vik sentrum.

Er det problematiske punkt i strategien som bør takast ut eller endrast?

| Nr. | Punkt vurdert problematisk | Grunngjeving | Tal grupper som valde |
|-----|---|--|-----------------------|
| 2 | Dyrka og dyrkbar jord skal så langt råd skjermast for utbygging. Areal registrert som kjerneområde landbruk bør generelt ikkje nyttast til utbyggingsformål | Ta inn sterkare formulering ang. Vern av dyrkbar jord | 1 |
| 3 | Det skal leggjast vekt på god avgrensing mellom landbruksområde og byggeområde | Viktigare med bosetting ved gårdene | 3 |
| 4 | Det skal satsast på Vangsnes som framtidig utbyggingsområde for bustader og næring, m.a. for å avlasta press på sentrumsnære landbruksareal i Vik sentrum/Flatbygdi | Endre litt ordlyd, ift. .11 mtp. skule | 2 |
| 9 | Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensa seg til område som alt er utbygde. Attverande attraktive areal og strekningar i strandsona bør sikrast som fellesgode | Fungerer ikkje | 1 |
| 11 | Nye større byggeområde for bustader bør liggja i gang/sykkelavstand frå skule/barnehage | Det klarer vi ikkje med dagens skulestruktur, vil vera vanskeleg at alle skal bu i nærheita av skulen | 1 |
| 12 | Det skal planleggjast for høg arealutnytting i og nær Vik sentrum | Me har fleire stader å bruke enn berre Vik sentrum | |
| 13 | Ny bustadbygging i sentrumsområdet skal i hovudsak vere konsentrerte småbustader | Bør spesifiserast, Hindrar god arealutnytting | 3 |
| 15 | Ny hyttebygging i høgfjellet skal avgrensast til moderat fortetting av eksisterande utbygde område i Skjelingen og Fosse/Hestavollen, av omsyn til m.a. drikkevatt, villrein og friluftsliv | Nasjonake føring, det tar meir plass på fjellet og det er nok hytter (for masse), vi får vel ikkje bygge meir på fjellet, Bør stå «unngås» | 2 |
| 17 | Større område for næringsformål bør lokaliserast nær hovudveg og hamn | Omsyn til naturområde, dyreliv og friluftsområde | 1 |

Oppgåve 2: Arealstrategien inneheld ulike omsyn, t. d. til naturverdiar, naturmangfald, folkehelse, busetjing, jordbruksareal, friluftsliv, næringsutvikling, klima og mobilitet.

Kva type omsyn i arealstrategien vurderer de som viktigast?

| Omsyn | Grunngjeving (frivillig) |
|--|---|
| Busetjing og trivsel | Tilflytting er viktig, at nye bygg passar inn i høve til eksisterande bygg/busetnad, viktig for kommune, økonomi, næringslivet. |
| Jordbruksareal, skogbruksareal | Selvberging, viktig næring i kommunen |
| Naturmangfald, klima & miljø, naturverdiar | Føresetnad for trivsel og arealer for friluftsliv, medansvar, strandsone |
| Næringsutvikling | Føresetnad for busetting |
| Mobilitet | |
| Folkehelse, friluftsliv, rekreasjon | |

Er det viktige omsyn som de saknar?

| Omsyn | Grunngjeving |
|---|---|
| Kultur og landskap | For trivsel og folkehelse, gode lokalsamfunn, Sognefjorden som beredskapsveg, tankar om vindkraft?, akvakultur, Skogbruk, utvikle arbeidsplassar i høve til skogbruk |
| Kulturmiljø / kulturminner | Ta vare på arven vår, ressurs for næring |
| Idrett og kultur | Noko om idrettsformål. Tilretteleggje/ta omsyn til organisert idrett/uorganisert |
| Klima , biologisk mangfold, naturmangfald | Skåna naturen mest mogleg mtp. nye linjetraséar, vern av vegetasjon langs vassdrag. Hensyn til urørt natur. Me må ta vare på dei flotte naturområda me har i Vik kommune. |
| Trivselsskapande aktivitetar | Badebasseng, frisbie golf, ungane samlast / meir sosiale, |
| Friluftsliv | m. a. for bevegelseshemma, turområde/turmål ein kan kome til med barnevogn eller rullestol |
| Distriktsomsyn | For å kunne bu i og bruke heile kommunen |
| Utforming bygg | Høgde på bygg, at låge bygg mot fjord, høge mot fjell |
| Energi | |
| Kollektivtransport, samferdsel | Mellom bygdene og hovudsoknet |
| Innbyggjarar og kommande generasjonar | Eigna bustadar til flyktningar som ynskjer å busetja seg i Vik |
| Reiselivet | Utvikle arbeidsplassar i høve reiselivet, utvikling av cruiseturismen opp mot toleevna til Vik og alle som bur her |

Oppgave 3: I ein mindre distriktskommune som Vik er ofte mange funksjonar, tilbod og tenester lagt til kommunesenteret, slik som hjå oss til Vik sentrum.

Kva er fordelar og ulemper med dette?

Fordelar: (tilfeldig rekkefylgje og summert opp frå gruppearbeidet)

- Meir økonomisk og effektiv å ha tilbod samla og drifte
- Moglegheit til meir varierte tilbod
- Kort reiseveg for dei som bur sentrumsnære (mange), ofte gang- og sykkelsavstand
- Større sosiale miljø og nettverk (enklare å finne venar), større bruk av aktivitetane
- «Livetsrett»
- Større fagmiljø, arbeidsplassar, sikrar kundegrunnlaget for dei større butikkane
- Effektiv arealbruk

Ulemper: (tilfeldig rekkefylgje og summert opp frå gruppearbeidet)

- Kan hindre busetting i utkantane/fremje fråflytting, gjer bygdene mindre attraktive
- Færre arbeidsplassar i bygdene
- Lang reiseveg for dei som bur utanfor sentrum, ofte på rasfarlege strekningar (klimagassutslepp, kostnader, tidsbruk)
- Gjer det vanskeleg for dei som bur i bygdene å bruke tilboda (kollektivtilbodet er for dårleg), kan fremje isolasjon, ekskludering og einsemd
- Kan bli fare for hærverk

Kva tenester/funksjonar/tilbod bør eller kunne vere i bygdene sine sentrum?

- Skule, barnehage, butikk/daglegvare (grunnleggjande tenester/basistilbod)
- Andre tenester som post (t. d. pakkeautomat), transporttilbod til og frå sentrum
- Omsorgsbustadar og lettstelte leilegheiter for eldre
- Etablerarbustadar, utleigeobjekt
- Møteplassar og aktivitetar, spesielt for ungdom, t. d. ungdomsklubbar, frisbeegolf, pumtrack, badestrand (kommunal), skytebane, ballbinge, tilbod for vaksne/eldre, forsamlingshus/grenda-/ungdomshus, nærturområde
- Førebyggjande helsearbeid og organisert fysisk aktivitet (førebyggjande tiltak for betre folkehelse og god livskvalitet), t. d. styrketrening
- Tett samarbeid mellom bygdelaga og kommunen, kommunen stimulerer

Oppgave 4: Fleire norske kommunar har i seinare tid vedteke at dei skal vere arealnøytrale.

Kva ville vere fordelar og ev. ulemper ved å vedta eit mål om arealnøytralitet?

Fordelar:

- Lettere å motstå fristelsen til å bygge ned landbruksmark, bevisshet rundt naturmangfald og natur. Bli meir obs., meir bevisst på nedbygging av natur. Hindrer utbygging som ikkje er naudsynt.
- Ein har god kontroll på bruken av arealet i kommunen, får betre oversikt, må sjå heilheit
- Betre arealutnytting?, ein nyttar areala fullt ut, «sløser» ikkje med areala
- Me beheld naturmangfaldet, kulturlandskap og område til jordbruk- og skogbruk, samt rekreasjonsområde, opprettheld natur
- Ta vare på jordbruksareal. Dette er særskilt viktig i dag og i framtid (matjorda)
- Gjenbruk av material (sakshandsamar sin merknad: *areal?*)
- Berekraft, miljøvenleg og berekraftig, klima, framtid, framtidige generasjonar. Beheld sjølvbergingsgraden. Kostnadsbesparende
- Bob-bob jamfor ulempene - men MÅ ein byggje ned dyrka jord og natur så er det sjølvstøtt betre enn ingenting – vurder økonomi. Betre enn «ingenting»

Ulemper:

- Vanskeligere å plassere nye ting, «arealkanibalisme»
- Utfordrende å ta imot nye grundere med tanke på plasser de ønsker seg
- Kan seta begrensingar for næringsutvikling, set begrensingar for næringsutv., kan hindra næringsaktivitet. Begrensing på utbygging, ekspandering, gjer det meir komplisert
- Set grenser for næringsutvikling og for busetnad
- Hindrar utvikling, hindrer utvikling i bygdene, kan begrenser utvikling
- Problematisk å gje frå seg areal ein alt nyttar til næring eller busetnad
- Kunstig etablert dyrka jord er berre ei halvgod erstatning for naturlege areal av dyrka jord (det er ein påstand)
- Stor fare for at ein trur at restaurert natur er ei fullgod erstatning for urørt natur når det gjeld biol. Mangfald. Kan i sin tur føre til ekstra press på å bygge ned naturområde
- Økonomisk ugunstig, praktisk vanskelig (må gjera kost-nytte-vurderingar)
- Kvilepute. Er arealnøytralitet nok? Er me nøgd med arealnøytralitet.
- (sakshandsamar sin merknad: *oppgåve forstått litt feil?*) Klimaproblem, naturbruk, Truande artar kan døye ut, hogging av tre

Avslutning i plenum:

Kvifor er arealstrategien viktig, og kva får vi til når vi følgjer den opp?

- Føreseielegheit
- Meir heilheiltleg tilnærming
- Fremjar ombruk av areal
- Verktøy for å sile/vurdere forslag om omdisponering av areal i kommuneplanen sin arealdel
- Verktøy for prioritering
- Rettesnor for avgjerd i fredstider
- Noko ein har einast om
- Medverknad

Takk for innsatsen!



Resultat gjestebod

«Korleis styrke frivilligheita og inkludere fleire?»

Mai/juni 2025

Medverknadsarrangement i samband med arbeidet med ny samfunnsdel til kommuneplan 2026-2037

| Tid | Tiltak |
|-------------------------------------|---|
| 14.5.2025 | 35 frivillige lag og organisasjonar i Vik kommune fekk tilsendt ei invitasjon om å delta i gjestebod på e-post |
| 20.5.2025 | 5 frivillige lag meldte seg på og fekk tilsendt konkret informasjon om deltaking i gjestebod |
| 20.5.- 29.6.2025 | Spørreskjemaet for å sende inn svara frå gjestebodet var opent. 4 lag svara innan fristen, som blei utvida undervegs. Eitt lag svara innan fristen, men utan å bruke svarskjemaet for gjestebodet, og utan å svara på spørsmåla. Innspelet blei registrert i kommunen sitt saksystem, under saka for ny samfunnsdel til kommuneplanen (24/525). |
| Hausten 2025 – januar 2026 | Innspelet blei tekne med i utforming av planprogrammet kap. 3.3 og inngjekk i arbeidet med måla og strategiane i kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsutkast januar 2026. |

Vedlegg:

- Samanstilling av resultat frå gjestebodet som kom inn via skjema
- Vik IL sitt innspel sendt direkte til kommunen (utan vedlegg)
- Utsendte brev med informasjon om gjestebodet

Vik, 18.3.2026
KW



Samanstilling av resultat frå gjestebodet som kom inn via skjema

Oversikt over svar Lukka

| | | |
|------------------|-------------------------------------|------------------------------|
| Svar 4 | Gjennomsnittleg tid 15:30 | Tidslengd 40 Dagar |
|------------------|-------------------------------------|------------------------------|

1. Kva frivillig lag eller organisasjon svarer du for?

4 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|---|
| 1 | anonymous | Vik turlag |
| 2 | anonymous | Feios Bygdalag |
| 3 | anonymous | Hesjastauren 4h |
| 4 | anonymous | Stiftinga Kristian Otterskreds Motorsamling |

| <p>2. Kven er de i gjestebodet dykkar?</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Eit styre 3 ● Ei utvald gruppe i laget 0 ● Anna 1 | <p>3. Kor mange personar deltok i gjestebodet?</p> <p>4 Svar</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>ID ↑</th> <th>Namn</th> <th>Sv</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1</td> <td>anonymous</td> <td>6</td> </tr> <tr> <td>2</td> <td>anonymous</td> <td>5</td> </tr> <tr> <td>3</td> <td>anonymous</td> <td>6</td> </tr> <tr> <td>4</td> <td>anonymous</td> <td>4</td> </tr> </tbody> </table> | ID ↑ | Namn | Sv | 1 | anonymous | 6 | 2 | anonymous | 5 | 3 | anonymous | 6 | 4 | anonymous | 4 |
|--|---|------|------|----|---|-----------|---|---|-----------|---|---|-----------|---|---|-----------|---|
| ID ↑ | Namn | Sv | | | | | | | | | | | | | | |
| 1 | anonymous | 6 | | | | | | | | | | | | | | |
| 2 | anonymous | 5 | | | | | | | | | | | | | | |
| 3 | anonymous | 6 | | | | | | | | | | | | | | |
| 4 | anonymous | 4 | | | | | | | | | | | | | | |

4. Kva er utfordringar i laget dykkar? (mogleg med fleire val)

4 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|--|
| 1 | anonymous | ["Rekruttering til styreverv", "Medlemsrekruttering"] |
| 2 | anonymous | ["Rekruttering til styreverv"] |
| 3 | anonymous | ["Medlemsrekruttering"] |
| 4 | anonymous | ["Uavklart situasjon i forhold til framtidig plassering og lager areal"] |




5. Har laget dykkar eit eller fleire konkrete behov? Om ja, kva er dei?

2 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|--|
| 1 | anonymous | fleire frivillige |
| 2 | anonymous | Oppretthalding av verkstad, lager og museums areal. Alt er like viktig for å fortsette vårt vidare arbeid. |


6. Korleis annonserer laget dykkar sine aktivitetar, arrangement el. liknande?

| | |
|---|---|
| ● Laget si nettside | 2 |
| ● Facebook eller andre digitale plattformer | 4 |
| ● Ikkje relevant for laget vårt | 0 |
| ● Anna | 2 |



7. Er det behov for ein felles aktivitetskalender for aktivitetar og arrangement i kommunen, slik som det fanst tidlegare på kommunen sine nettsider, der laga kan publisere sine arrangement, t.d. innanfor løysinga [Friskus.com](https://www.friskus.com) (sjå t. d. døme frå Aurland)?

| | |
|------------------------|---|
| ● Ja | 3 |
| ● Nei | 0 |
| ● Veit ikkje/er usikre | 1 |



8. Kva kan frivillige lag gjere for å rekruttere fleire som frivillig?

4 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|---|
| 1 | anonymous | å væra synleg |
| 2 | anonymous | - Prøve å vere meir synlege i lokalmiljøet, t.d. på sosiale medium. - Invitere bygdefolket med på møter o.l. - Gi tydelege, små og konkrete oppgåver til innbyggjarane - Bruke ungdom som ressursar |
| 3 | anonymous | Vera synlege, informere på skulen |
| 4 | anonymous | Invitere andre (utanforståande) til på vere med, utan å stille krav. Me har god erfaring med å la folk komme uformelt på våre verkstadskveldar. |

9. Korleis kan vi gje innbyggjarane ei oversikt over alle lag og organisasjonar i kommunen? Og korleis kan vi halde oversikta oppdatert?

4 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|---|
| 1 | anonymous | Oppdatere og informere om lag og organisasjonar til nettsida til Vik kommune. Ber om at Vik kommune ved administrasjon sjekka opplysningane ein gang i året. |
| 2 | anonymous | - Ha ei lett synleg og enkel nettside med søkefunksjon. - Kommunen kan sende påminningar til laga om å oppdatere informasjon. - Gje opplæring eller støtte til dei som treng hjelp med registrering. |
| 3 | anonymous | Kommunen bør ha ei informasjon side, kor ulike klubbar kan gi informasjon og kontaktlister, som då ein kan gå inn å lese/sjå, kva kvar klubb gjer og handlar om. |
| 4 | anonymous | Kommunen kan sende ut epost til organisasjonar med påminning om å oppdatere informasjon, ca. eit par gonger i året. Ein kan også gje ein person i kvart lag ein brukar login, men tviler på at det vil fungere for alle. Ein del vil nok ønskje å sende den inn på epost/papir. |

10. Korleis kan kommunen styrke frivilligheita?

4 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|---|
| 1 | anonymous | me ynskjer at Vik kommune kan samarbeide med frivillige organisasjonar og sende felles informasjon til frivillige. |
| 2 | anonymous | - Gje økonomisk støtte, tilgang til lokale og utstyr. - Bruke frivillighetssentralen for å kople folk med lag og aktivitetar - Gi heider til frivillige – t.d. frivilligpris. |
| 3 | anonymous | Tilrettelegging møteplasser og vedlikehold av møteplasser. |
| 4 | anonymous | Invitere og inkludere lag og organisasjonar i kultur relatert arbeid. I alle fall involvere lag/org. i konkrete ting som kan ha noko å seie for det aktuelle lag/org. |



11. Har laget dykkar andre innspel om temaet frivilligheit til kommuneplanen sin samfunnsdel?

4 Svar

| ID ↑ | Namn | Svar |
|------|-----------|--|
| 1 | anonymous | nei |
| 2 | anonymous | Frivillig arbeid bør vere ein del av kommunen sin beredskap og folkehelse. - Det bør vere ein plan for korleis kommunen kan støtte lag. - Viktig å inkludere barn, unge og eldre – frivillige finst i alle aldrar. |
| 3 | anonymous | Det har me dessverre ikkje. |
| 4 | anonymous | Gjer ting oversiktleg, enkelt og forutsigbart. |





Inns spel til planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036.

Viser til høyringsdokument på kommunen sine heimesider som gjeld planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036.

Styret i Vik idrettslag kjem med fylgjande uttale:

1. Planstrategi 2024-2027

Vik idrettslag er svært tilfredse med at detaljregulering for skianlegget på Kålsete er prioritert i planstrategien med oppstart i 2025. Me har tru på at ein slik prosess vil gi god avklaring på arealbruken i området, og gi grunnlag for vidare drift av og eventuelle endringar i skisenteret. Styret har for kort tid sidan hatt informasjonsmøte med grunneigarane, og orientert om bakgrunnen for at idrettslaget ynskjer nyregulering. Vik idrettslag vil leggja vekt på god dialog med grunneigarane gjennom planprosessen.

2. Planprogrammet til ny samfunnsdel av kommuneplanen 2025-2027 – framtida for Vik skisenter som særskilt tema i samfunnsdelen – utarbeiding av statusrapport.

Vik Idrettslag eig og driftar installasjonane ved Vik skisenter, på leigd grunn. Skisenteret er eit kompakt anlegg med hoppbakkar, arena for langrenn og skiskyting, alpinbakke med 300 m skitrekke, 5 km lysløype der 3 km er asfaltert for sommarbruk, samt ei skihytte med kjøkken/kiosk, opphaldsrom samt overnattingskapasitet for om lag 30 gjester.

Anlegget vart bygt rundt år 2000 og framover, har brukarar i alle aldrar sommar og vinter, og er såleis eit svært viktig trivsels- og folkehelseiltak for innbyggerane i heile Vik kommune. Skisenteret har vore godt vedlikehalde, men reinvesteringsbehov og større vedlikehaldstiltak er føreståande.

Vik IL opplever drifta av Vik skisenter som utfordrande både økonomisk, arbeidsmessig og kompetansmessig. På denne bakgrunn har styret konkludert med at det er trong for å skaffe eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i interne drøftingar om framtida til Vik skisenter. Dessutan ved drøftingar med eksterne samarbeidspartar som Vik kommune, sponsorar, finansieringskjelder og grunneigarar. Då Vik kommune er i oppstarten av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen, og har både planprogram og planstrategi på høyring, er det naturleg å spela denne saka inn i desse planprosessane.



Sogn
SPAREBANK



Statkraft



Sognekraft



HIGHSOFT

Det er halde oppstartmøte med Norconsult for kort tid sidan, og det er førebels semje om at statusrapporten skal ta føre seg fylgjande tema:

Tema i rapport om Vik skisenter:

- Historikk om etablering
- Eigarforhold / driftsform
- Driftsøkonomi
- Teknisk status
- Vedlikehaldsbehov m/kostnadsoverslag
- Alternative driftsformer
- Utviklingspotensiale
- Inntekspotensiale
- C-lisens (er nyleg gått ut) – krav og konsekvensar
- Juridiske vurderingar av gjeldande avtalar
- Formelle krav og regelverk til drifta – alpinanlegget, skytebana, trakkemaskina
- Styret sitt ansvar
- Særskilt om hoppanlegget

Framdrifta i prosessen er avtala slik at Norconsult skal ferdigstilla sluttrapporten innan oppstart av utgreiingsfasen av samfunnsdelen av kommuneplanen, dvs. februar 2025.

Det er viktig å understreka at oppdraget til Norconsult ikkje har som føremål å leggja grunnlaget for ei storstila utbygging ved Vik skisenter. Tvert i mot er styret i idrettslaget svært uroa for utfordringane som laget har med drifta ved skisenteret, og ynskjer ein grundig og oppdatert status som grunnlag for viktige avgjerder om framtida. Me håpar at Vik kommune vil ta del i desse drøftingane, og ta Vik skisenter inn som særskilt tema i utgreiingsfasen av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. Vik idrettslag trur statusrapporten frå Norconsult vil vera eit nyttig kunnskapsgrunnlag i drøftingane.

3. Frivillig sektor sin medverknad i planprosessen, organisering av arbeidet og medverknad.

Telemarksforsking har på oppdrag for Vik kommune utarbeidd rapporten «Tiltak for å stabilisere eller øke folketallet i Vik kommune». Rapporten er teken inn som ein del av kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med ny samfunnsdel. Rapporten framhevar samarbeid mellom ulike aktørar som eit viktig tiltak for å skapa gode planprosessar.



Sogn
SPAREBANK



Statkraft



Sognekraft



HIGHSOFT

Utklipp frå rapporten:

Medvirkning og samskaping gjennom kommunale planprosesser

Samskaping dreier seg om å løse komplekse og sammensatte samfunnsutfordringer gjennom involvering av innbyggere, næringsliv, frivillighet og andre lokalsamfunnsaktører. For å sikre at samskaping blir en integrert del av kommunens planlegging og utviklingsarbeid, er det naturlig å koble arbeidet med samskaping opp mot planprosessene. Det er tydelige krav til medvirkning i ulike planprosesser, og dette er en form for medvirkning som kan sees som en start for videre oppfølging gjennom samskapingsprosesser. Det stilles også krav om medvirkning i planprosesser for å sikre bedre kvalitet i plan- og beslutningsgrunnlaget, sikre bedre ivaretagelse av mangfold i samfunnet, sikre sterkere eierskap og identitet, samt bidra til gjensidig læring og demokratiutvikling. Målsettingene med medvirkning i planprosesser er også sammenfallende med mange av begrunnelsene for å drive samskaping. I forbindelse med byggingen av nye Sogndal kommune har man gode erfaringer med gjennomføring av slike prosesser i arbeidet med kommunens samfunnsplan. Her blir det understreket at prosessene i seg selv har vært viktige, og at det er avgjørende at de gjennomføres slik at de skaper energi, entusiasme og engasjement i hele samfunnet. Dersom man ikke lykkes med det, er samfunnsplanen lite verdt. Andre kommuner har også lignende erfaringer med tanke på å skape felleskap og engasjement for framtidig utvikling.

Vik kommune skal i gang med rullering av kommunens samfunnsplan. Det er en god anledning til å gjennomføre gode medvirkningsprosesser og legge et fundament for framtidig utviklingsarbeid.

Vik idrettslag saknar involvering av frivillig sektor i planprosess, jfr. pkt. 3.2. Planprosess, organisering av arbeidet og medverknad. Frivillig sektor bør vera meir involvert enn berre som høyringsinstans, t.d. i fast referansegruppe. For idretten sin del kan representasjon frå Vik idrettsråd vera aktuell.

14.11.2024
Oddbjørn Ese
-leiar Vik IL-

Fresvik ungdomslag

| | | | | |
|------------|-------------|----------------|------------|------------|
| Vår ref. | Dykkar ref. | Sakshandsamar | Direktenr. | Dato |
| 24/525 -11 | | Karen Weichert | 414 42 726 | 14.05.2025 |

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036 - Invitasjon til medverknad: Korleis styrke frivilligheita og inkludere fleire?

I samband med ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 ynskjer vi å invitere frivillige lag og organisasjonar i kommunen til å gjennomføre eit «gjestebod» for å drøfte korleis frivilligheita kan styrkast i kommunen. Innspela frå gjesteboda skal brukast i arbeidet med å vurdere mål, delmål, strategiar og tiltak i samfunnsdelen retta mot frivilligheita for dei neste 12 år .

Denne invitasjonen er i utgangspunkt sendt til alle lag som av kommunen blei vurderte som relevante for frivilligsentralen. Politiske parti og grunneigarlag eller liknande er bevisst ikkje tekne med. Dersom du kjenner til andre frivillige lag og organisasjonar i kommunen som bør få invitasjonen, kan du gjerne sende informasjonen om gjestebodet vidare.

Kva er eit gjestebod?

Et gjestebod er eit uformelt møte som blir leia av ein utnemnd vert som får ansvar for å invitere inn til og gjennomføre gjestebodet. Verten kan sjølv bestemme kven som blir invitert og kvar gjestebodet skal finne stad. Det kan t. d. vere i samband med eit styremøte.

Dei som blir inviterte på gjestebod får høve til å diskutere eitt eller fleire tema basert på ferdige spørsmål frå kommunen, som blir presenterte av verten. Her kan dei komme med eigne innspel og synspunkt som verten samlar inn.

Sjå ein kort video om «gjestebod» her: <https://www.youtube.com/watch?v=zECVCOuY2ak>

Verten vil få ein liten instruks om korleis innspela kan samlast inn og korleis dei leverast til kommunen etter gjennomført gjestebod. Kommunen kjem til å publisere alle innspel på kommunen sine nettsider, på sida om samfunnsdelrevisjonen.

Vi håpar at ditt lag vil bidra med å gjennomføre eit gjestebod. Det er eit godt høve å orientere kommunen om ev. behov eller utfordringar som laget har. **Send ei påmelding til karen.weichert@vik.kommune.no** , so får de tilsendt spørsmåla til drøfting digitalt. Det er etter avtale også mogleg å hente papir-spørjeskjema på kommunehuset.

Fristen for å sende innspela etter gjennomført gjestebod er 15. juni 2025.

Ta gjerne kontakt dersom du lurar på noko.



Med helsing

Karen Weichert
Areal- og samfunnsplanleggjar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Rettleiing for «Gjestebod» i samband med ny samfunnsdel til kommuneplanen og spørsmålet *Korleis styrke frivilligheita og inkludere fleire?*

Vik, 20.5.2025

Takk at du vil halde eit gjestebod! Slik kan du gå fram:

Inviter!

Her er forslag til ein invitasjon du kan sende om du vil invitere til samling. Skriv den gjerne litt om, og bruk dine egne ord.

«Hei! Eg vil invitere deg til gjestebod. Vik kommune jobbar med ny samfunnsdel til kommuneplanen og ynskjer innspel frå oss i «*namnet til laget/organisasjonen*». Vi er oppfordra til å kome med tilbakemeldingar på korleis kommunen i planen kan legge betre til rette for det frivillige arbeidet vårt. Håper du vil kome (stad, dato, klokkeslett).»

Eller ta det uformelt på eit styremøte eller liknande.

Arranger!

Du treng ikkje nødvendigvis invitere folk heim til deg. Eit gjestebod kan også føregå på kafé, som ein gåtur eller på eit lagsmøte. Det treng heller ikkje å vare så lenge. Spørsmål? Ta kontakt med kommunen v/Karen på tel. 414 42 726 eller karen.weichert@vik.kommune.no. Det kan ev. vere lurt å bruke [IGP-metoden](#) når de drøftar spørsmåla.

Det er desse fire spørsmål vi vil be dykk å drøfte i gjestebodet og sende ei felles tilbakemelding på:

- **Kva kan frivillige lag gjere for å rekruttere fleire som frivillig?**
Kanskje laget dykkar har gode rutinar som de har lyst dele med andre lag, eller har planlagt/gjennomført rekrutteringstiltak? Er det meir ein kan gjere for å få med fleire?
- **Korleis kan vi gje innbyggerane ei oversikt over alle lag og organisasjonar i kommunen? Og korleis kan vi halde oversikta oppdatert?**
Kommunen har i dag [ei løysing på dette integrert i nettsida](#), men det er berre få lag som har registrert seg og lagt inn informasjon, og slik løysinga er no må laga sjølv syte for oppdatering.
- **Korleis kan kommunen styrke frivilligheita?**
Korleis kan kommunen legge betre til rette for at de kan drive det viktige frivillige arbeidet dykkar?
- **Har laget dykkar andre innspel om temaet *frivillighet* til kommuneplanen sin samfunnsdel?**
Les meir om kva samfunnsdelen til kommuneplanen er for noko [her](#).



Send!

Det er du som verten for gjestebodet som har ansvaret for å sende inn tilbakemeldingane dykkar. I tillegg vil vi gjerne at de svarer på 7 korte spørsmål om kven de er, kva utfordringar de ev. har og korleis de kommuniserer aktivitetane dykkar. [Spørjeskjemaet finn de her.](#)

Du kan bruke same spørjeskjemaet til å sende inn resultata frå drøftingane rundt dei fire spørsmål vist oppe (svarer til spørsmål 8 til 11 i spørjeskjemaet).

Alternativt kan du sende tilbakemeldingane (maks 1 A4-side per spørsmål) inn som vedlegg i ein e-post til karen.weichert@vik.kommune.no. Skriv i så fall inn «sendt på e-post» eller liknande som svar i spørjeskjemaet spørsmål 8 til 11.

Fristen for å sende tilbakemelding er 15. juni 2025.



Politisk arbeidsverkstad med kommunestyret, ungdomsrådet og råda for eldre og for menneske med nedsett funksjonsevne

12.6.2025

Tema: **Målprioritering og handtering av målkonflikter**



Program

| Nr. | Oppgåve | Tidsbruk |
|-----|--|---------------|
| | Innleiing v/samfunnsplanleggjaren | 5 min |
| 1 | Repetisjon utfordringsbiletet. Vi viser kommunestyret sin SWOT-analyse av mai 2024 og drøftar i plenum om biletet har endra seg (8 min). Presentasjon av spørjeundersøking om dei 3 viktigaste utfordringar (2 min). | 10 min |
| 2 | Kva mål er viktigast? (dotmokrati) , innleiing (presentasjon av teoretiske måldøme) 5 min, 10 min gruppearbeid: Deltakarane fordeler tre prikkar kvar på måla dei synest er viktigast. Ein kan supplere med nye mål. Gruppearka blir hengt opp framme etterpå. | 15 min |
| 3 | Sortering av mål etter viktigheit og handlingsrom (trafikklys-sortering) , 5 min sjølv, 10 min gruppearbeid. Gruppene får utdelt informasjonsark for måla, kvar deltakar får tildelt 2-3 mål, gjer seg kjent med informasjon på arket og føreslår deretter plassering av sine mål i trafikklyset. Gruppene må bli einige om plassering av maksimalt 2 mål på grønt og gult. 5 min i plenum: Kva har gruppene valt på grønt og gult, og kvifor? | 20 min |
| 4 | Målkonflikt , innleiing 2 min. Kva kan vere moglege målkonflikt mellom dømemåla? 3 min sjølv, 10 min gruppearbeid | 15 min |
| 5 | Handtering av målkonflikt. Kan måla tilpassast slik at konfliktnivået minkar? Prioritering som konfliktløsning? 15 min i gruppe, 10 min i plenum | 25 min |
| | SUM | 90 min |

Målet med arbeidsverkstaden var:

- Å øve det å prioritere, når alt i utgangspunkt er viktig
- Å gje administrasjonen (indirekte) innspel til ny samfunnsdel til kommuneplanen




1 Repetisjon utfordringsbiletet

Deltakarane fekk tilsendt SWOT-analysen dei gjorde i mai 2024. Har utfordringsbiletet endra seg? Alle skulle velje seg det dei meiner er dei fem viktigaste utfordringane for perioden 2025-2036 og sende til samfunnsplanleggjaren via spørjeskjema! Dei kunne også setje opp nye punkt blant dei fem.

Resultat frå førebuande oppgåva:

1. I SWOT-analysen kommunestyret gjennomførte i mai 2024 blei fylgjande punkt nemnde som Vik kommune sine svakeheiter. Ide ellt sett burde vi jobbe for å redusere alle svakheiter, men kva bør kommunen prioritere dei neste 12 år? (0 Peik)



Nye punkt:

For lite fokus på klima- og naturkrisa

Meir satsing på lokalt kulturliv

Folketalsnedgang



2 Kva mål er viktigast?

Deltakarane fekk 12 fiktive mål for samfunnsdelen til kommuneplanen til ein fiktiv kommune. Alle gruppe-medlemmane kunne fordele tre prikkar på måla dei synest er viktigast. Dei kunne også supplere med nye mål.

Prioritering blant 12 fiktive mål for samfunnsdelen

| | Gr. 1 | Gr. 2 | Gr. 3 | Gr. 4 | Gr. 5 | sum |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-----------|
| Attraktivt bu- og arbeidsmarknad | 4 | 2 | 4 | 2 | 3 | 15 |
| Ansvarleg kommuneøkonomi | 2 | 4 | 2 | 4 | 1 | 13 |
| Trygg samferdsel og gode kommunikasjonar | 3 | 1 | 3 | 1 | 2 | 10 |
| Skape trygge og gode oppvekstvilkår | 1 | 2 | 2 | 1 | 4 | 10 |
| Utvikle næringslivet og gjennomføre grøn omstilling | 2 | 0 | 0 | 2 | 1 | 5 |
| Levande bygder | 1 | 0 | 0 | 3 | 1 | 5 |
| Skape eit aldersvenleg lokalsamfunn | 0 | 2 | 0 | 1 | 1 | 4 |
| Skape eit variert aktivitetstilbod og gode møteplassar | 2 | 0 | 0 | 0 | 2 | 4 |
| Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 |
| Styrke frivilligheita | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Styrke samfunnstryggleik og beredskap | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 |
| Styrke kommunesenteret | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

3 Sortering av mål etter viktigheit og handlingsrom

Gruppene fekk utdelt informasjonsark for dei 12 fiktive måla, og kvar deltakar fekk tildelt 2-3 mål og skulle gjere seg kjent med informasjon på arket. So skulle alle deltakarar føreslå plassering av sine mål i trafikklyset.

Gruppene måtte bli einige om plassering av maksimalt 2 mål på grønt og gult. På raudt kunne ein ha så mange ein vil.

Mål med stor innsats - maks 2!

Mål med mindre innsats - maks 2!

Mål hvor innsats utsettes til senere

| | Stor innsats | Mindre innsats | |
|--|--------------|--|---|
| Skape trygge og gode oppvekstvilkår | 4 | Trygg samferdsel og gode kommunikasjonar | 3 |
| Attraktivt bu- og arbeidsmarknad | 3 | Ansvarleg kommuneøkonomi | 2 |
| Trygg samferdsel og gode kommunikasjonar | 2 | Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet | 2 |
| Ansvarleg kommuneøkonomi | 1 | Skape eit aldersvenleg lokalsamfunn | 1 |
| Utvikle næringslivet og gjennomføre grøn omstilling | | Skape eit variert aktivitetstilbod og gode møteplassar | 1 |
| Levande bygder | | Styrke samfunnstryggleik og beredskap | 1 |
| Skape eit aldersvenleg lokalsamfunn | | Skape trygge og gode oppvekstvilkår | |
| Skape eit variert aktivitetstilbod og gode møteplassar | | Attraktivt bu- og arbeidsmarknad | |
| Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet | | Utvikle næringslivet og gjennomføre grøn omstilling | |
| Styrke frivilligheita | | Levande bygder | |
| Styrke samfunnstryggleik og beredskap | | Styrke frivilligheita | |
| Styrke kommunesenteret | | Styrke kommunesenteret | |



4 Målkonflikt

Gruppene skulle drøfte kva som kan vere moglege målkonflikt mellom dei fiktive måla, sjå gruppearka nedst.

Målkonfliktområde som blei nemnd mest av gruppene:




1. Styrke kommunesenteret ↔ Levande bygder
2. Trygg samferdsel og gode kommunikasjonar ↔ Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet
3. Utvikle næringslivet og gjennomføre grønn omstilling ↔ Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet
Attraktivt bu- og arbeidsmarknad ↔ Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet
Ansvarleg kommuneøkonomi ↔ Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet
Ansvarleg kommuneøkonomi ↔ Skape eit variert aktivitetstilbod og gode møteplassar

5 Handtering av målkonflikt

So skulle gruppene drøfte desse spørsmål:

- Kan måla tilpassast slik at konfliktnivået minkar eller konflikten blir borte?
- Finst det målkonfliktar der prioritering av det eine målet framføre det andre vil vere einaste løysinga?

Hjelpemiddel (frå presentasjonen før arbeidsverkstaden):




Nokre moment frå gruppearbeidet:


- «**Ansvarleg kommuneøkonomi**» kan komme i konflikt med dei fleste andre mål (*kommentar: sidan tiltak for å nå måla som regel også krev kommunal finansiering*).
«Trygg samferdsel og gode kommunikasjonar»: Balanse mellom «godt nok» og økonomi. Alt treng ikkje vere perfekt.
Tilpasse, justere ambisjonsnivået når det gjeld kommuneøkonomi, for å nå dei andre måla.



- **«Styrke kommunesenteret» og «Levande bygder»:** Alle gruppene såg ein mogleg målkonflikt her. Men det blei også skriva at eit sterkt kommunesenter er viktig for å få levande bygder, og at kommunen kan styrkje kommunesenteret på same tid som kommunen styrkjer dei andre bygdene i kommunen. Kommunen må unngå styrking av kommunesenteret på bekostning av bygdene.
 «Skape eit aldersvenleg lokalsamfunn»: Det bur eldre i heile kommunen, derfor vil satsing i sentrum påverke bygdene.
- **Målkonflikt knytt til «Klimaomstilling i organisasjonen og i lokalsamfunnet»:**
 Tiltak som kan handtere målkonflikten: Elektrisk anleggsplass, krav til cruisetrafikk, elektrisk transport/pendling, ladeinfrastruktur.
 «Attraktivt bu- og arbeidsmarknad»: Bruke utlagde tomteareal fyrst / byggje ut desse før ein legg ut nye felt → Verna om jordbruksareal
 «Trygg samferdsel og gode kommunikasjonar»: Betre kollektivtransport internt i kommunen

Gruppeark om moglege målkonflikt:





KW 21.4.2026



Resultat frå arbeidsverkstaden med kommunestyret på politikardagen om kommuneplanen sin samfunnsdel

Strategisk planoversikt (temaplanar)

19.3.2026 på Blix hotell

Program politikardagen

| Tid | Tema |
|---------------|--|
| 10:00 - 10:30 | Opning av møtet |
| 10:30 - 11:15 | Presentasjon av kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsutkast , med vekt på struktur, korleis planen må lesast og dei viktigaste grep i planen |
| 11:15 - 11:20 | Kort pause og ev. rigging av bord til gruppearbeid |
| 11:20 - 12:15 | Partiane får høve til å presentere ev. førebudde innspel |
| 12:15 - 13:00 | Lunsjpause |
| 13:00 - 14:30 | Arbeidsverkstad Bli betre kjent med innhaldet i planen Få «teste» planen politisk (korleis bruke planen i praksis) Forstå korleis planen gjev rom for politiske prioriteringar Samanhengen mellom mål og strategiar i planen Planstrategi for temaplanar (sjå utsendt forslag) |
| 14:30 - 15:00 | Kommunestyremøtet held fram |

Arbeidsverkstaden var ei politisk bestilling til administrasjonen for å styrkje det politiske eigarskapet til ny samfunnsdel, men utan meir konkrete ynskjer for innhaldet .

Administrasjonen laga då eit opplegg som kunne vere føremålstenleg og nyttig i denne fasen av planprosessen.

Arbeidsverkstaden var delt i to delar:

- Del 1: «Bruk av planen» - situasjonsbasert gruppearbeid
- Del 2: Strategisk planoversikt (temaplanar)

På sjølve politikardagen prioriterte kommunestyret del 2 av arbeidsverkstaden, og det var berre oppgåve 4 som blei jobba med i alle gruppene. I denne rapporten er det likevel teke med alle oppgåver som var planlagd for arbeidsverkstaden, for å vise samanhengen i opplegget.

Oppgaver for del 1 av arbeidsverkstaden «Bruk av planen»

Situasjon 1: Innbyggjarar melder i frå om at dei unge i eit lokalsamfunn i kommunen saknar (fleire) møteplassar og fritidstilbod.

Oppgaver:

1. Finn **relevante satsingsområde/hovudmål/delmål/strategiar** for problemstillinga
2. Drøft kva **retning(ar)** planen peikar i
3. Kva **rom for politiske val** ligg i måla og strategiane?

Situasjon 2: Ein kommunal teneste slit med rekruttering og overbelastning.

Oppgaver:

1. Finn **relevante satsingsområde/hovudmål/delmål/strategiar** for problemstillinga
2. Drøft kva **retning(ar)** planen peikar i
3. Kva **rom for politiske val** ligg i måla og strategiane?

Situasjon 3: Eit lokalt initiativ ynskjer å vidareutvikle eit næringsprosjekt som krev noko arealbruk. Prosjektet vil gje nye arbeidsplassar.

Oppgaver:

1. Finn **relevante satsingsområde/hovudmål/delmål/strategiar (også arealstrategiar)** for problemstillinga
2. Drøft kva **retning(ar)** planen peikar i
3. Kva **rom for politiske val** ligg i måla og strategiane?

Oppgaver og resultat del 2 av arbeidsverkstaden «Strategisk planoversikt»

Som grunnlag for oppgåvene blei det i forkant av politikardagen sendt ut ei oversikt over kommunen sitt eksisterande planverk (temaplanar) og eit framlegg for strategisk planoversikt, med forslag om endringar i planverket og nye planar (som konsekvens av framlegget for ny samfunnsdel til kommuneplan). Forslaget innebar også å samle fleire eksisterande planar i meir overordna tema- eller sektorplanar, men ei samla reduksjon frå 45 til 31 planar (inkludert strategiar, retningslinjer m.m.).

Oppgåve 1: Kva forenklingar i planverket i tabell 2 legg de merke til?

Denne oppgåva skulle alle nokre minuttar jobbe med kvar for seg, som førebuing til dei andre oppgåvene.

Oppgåve 2: Gjev desse grepa meining for dykk? Og kvifor?

Tilbakemeldingane frå 2 av 3 grupper:

- Oppdelt i sektorar gjer det meir ryddig og oversiktleg.
- Planar er slått saman. Då er det ikkje så lett å vite innhaldet i dei samanslåtte planane. I den nye planen bør det vere ein oversikt over innhaldet (planar) i dei ulike hovudplanane.
- Positivt med færre planar med tanke på betre oversikt og mindre arbeid med redigering av planane, færre planar å revidere. Også enklare å forhalde seg til planane.

Oppgåve 3: Kopling planoversikt – samfunnsdelen til kommuneplanen

Kvar gruppe vel ut 1-3 planar som er føreslått laga/revidert i 2026. Kva mål og/eller strategiar i samfunnsdelen kan planen fylgje opp eller konkretisere?

Oppgåva skulle vise samanhengen mellom måla og strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdelen og den strategiske planoversikta. Det var berre ei gruppe som jobba med denne oppgåva, men utan å få høve til å fullføre heile.

Oppgave 4: Vel ut 3 planrevisjonar/nye planar som gruppa meiner bør prioriterast, og kvifor!

Tilbakemeldingane frå gruppene:

| Prioriterte planar | Grunngjeving |
|--------------------------|--|
| Gruppe 2 | |
| Sektorplan oppvekst | Fordi barn og unge er framtida, dei må oppleve trygg og godt oppvekst for å flytte tilbake som vaksne |
| Landbruksplan | Viktig med tanke på beredskap, levande bygder, næring, busetjing |
| Overordna beredskapsplan | Særleg viktig i urolege tider, også med tanke på klimaendringar |
| Gruppe 3 | |
| Overordna beredskapsplan | Den usikre situasjonen i verda |
| Klima- og utsleppsplan | Cruise |
| Reiselivsplan | Cruise |
| Gruppe 5 | |
| Sektorplan oppvekst | Opphavleg kommune(del)plan er utgått. Større endringar sidan 2014 då den blei laga. Med kulturskuleplan. |
| Språkbruksplan | Gamal og delvis utgått den me har |
| Kulturplan | Der kulturbygg og kulturminne går inn i denne planen |

Vik, 16.4.2026 KW